



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Høyanger 24.01.25

Protokoll møte 1-25, Høyanger kyrkjelege fellesråd

Torsdag 23.01.25 kl.10.00 på Høyanger kyrkjekontor og med digital deltaking.

Innkalla:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Kjersti J. Søreide, Frode Merkesvik, Andreas Ester,

Kopi av innkallinga går til:

Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Elisabeth Johansen, Eldrun Nordahl, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse. Inger Cesilie Fitje, postmottak Høyanger kommune.

Frammøte:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Elisabeth Johansen, Andreas Ester, Kjersti J. Søreide og Toril Lange. Terje Søreide deltok digitalt

Meldt forfall: *Torsten Müller - vara møtte, Frode Merkesvik og Bjørn Harald Nybø.*

Sakliste:

Opning av møtet:

- **Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 26.11.24.**
 - Innkalling, sakliste og protokollen vart godkjent.
- **Soknepresten har ordet:**
 - Andreas starta med å fortelje at han var imponert over preika den amerikanske biskopen Marianne Edgar Budde hadde til president Donald Trump, under ei innsettningsgudsteneste i Washington. Ho hadde preika om å bygge huset sitt på fjell og til Trump om å vise nåde i sitt virke. Vidare tok han føre seg teksta til komande søndag. Der møter Jesus motbør for å lækje ei kvinne på sabbaten. Jesus tar til motmæle og Andreas understreka at Gud ynskjer menneska eit godt liv – og søndagen med gudsteneste skal vere god for menneska.

Meldingssaker:

01 Kyrkjeleg statistikk for 2024

Det vart orientert om utfordringane som dukka opp når registreringa av statestikken til SSB vart lagt til Altinn og pålogging med sokneråda sine organisasjonsnummer. Berre Bjordal og Ortnevik sokn hadde tilgang til dette. Sidan dette er ei landsdekkande utfordring, er fristen utsett, no har Kyrkjebø fått på plass sin tilgang og samordna registermelding for Høyanger og Lavik er sendt.

02 HKF sin møteplan, arbeidsprogram

Leiar gjekk gjennom og orienterte om planen. Den er eit godt reiskap for oversikt og langtidsplanlegginga, og vart godt motteken. Det har kome eit innspel om å legge nokre av møte på ettermiddag kveldstid. Her kom og opp eit spørsmål om praksis for økonomisk støtte frå HKF til feiring av kyrkjejubileum – konkret no for Ortnevik kyrkje til hausten.

03 Gjennomgang av høyring om retningsliner for forvaltning av tilskot i Den norske kyrkja

Det vart brukt litt tid på denne høyringa. Den blir vedtakssak på neste møte i fellesrådet. Dette er eit viktig dokument og bør handsamast i sokneråda før neste møte i HKF – der dette blir sak.

Sidan Kjersti Søreide måtte gå litt før møteslutt, tok ein vedtakssaka før ein gjekk vidare på meldingssakene.

04 Arbeidet med reglement

Ein ser at mykje av arbeidet i fellesrådet blir godt regulert av regelverket slik det er presentert i «Handbok for sokneråd og kyrkjelege fellesråd». Det er ikkje naudsynt å skrive om att det som er av ordningar og reglar her. Det som er viktig å få på plass, er kva ein delegerer av ansvar og oppgåver til kyrkjeverja og til fellesrådsleiaren i samarbeid med kyrkjeverja. Og eventuelt om ein vel å sette ned eit arbeidsutval (AU) for fellesrådet.

05 Kyrkjeverja har ordet.

Det har vore ei utfordring for arbeidet på kyrkjekontoret med sjukemeldingar både i staben og mellom kommunen sine tilsette. Det har gjort at kyrkjeverja ikkje har fått den naudsynte oversikta over økonomien. Det har gjort at nokre innkjøp, og tilbakebetalinga til Kyrkjebø sokneråd for deira utlegg til kyrkjegarden på Kyrkjebø, har vorte utsett.

Det har kome fram at fellesrådet må ta ein gjennomgang av kyrkjegardsvedtektene. Fellesrådet er gravplassmynde og ansvarleg for desse. Dei må vere i trå med regelverket og dei må kommunisere tydeleg til innbyggjarane kva som gjeld. Dei skal endeleg godkjennast av nasjonalt gravplassmynde som statsforvaltaren i Vestfold og Telemark – og etterpå er den å rekne som forskrift. Kommunen er i denne samanheng ein høyringsinstans.

Vedtaksaker:

001/25: Høyring om strategiplan for KA – hovudorganisasjonen

Framlegg til vedtak:

Svar til KA på høyringa om strategiplan for 2025-2029, vert sendt slik det føreligg etter dei endringar som har kome fram i drøftingane i dette møtet. Høyringssvaret vert vedlagt protokollen.

Neste møte i fellesrådet vert: 13.mars

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjeverje for Høyanger kyrkjelege fellesråd

Svar til KA på høyringa om strategiplan for 2025-2029

Høyrings svar frå Høyanger kyrkjelege fellestråd:

1. Navn på deres virksomhet: HKF Ditt navn: Stig Jonny Fitje Stilling eller verv: Kyrkjeverje

2. Hva slags virksomhet er dere? - Fellestråd/menighetsråd med fellestrådsfunksjoner

3. Størrelse på fellestrådsområde: 0 - 4 999 innbyggere

4. Hvilke av hovedmålene er viktigst for dere? Sett kryss ved de tre viktigste:

Mål 1: Mer robuste rammebetingelser

(X) Mål 2: Et rekrutterende og organisert arbeidsliv

(X) Mål 3: Skreddersydd rådgivning og lærende nettverk

(X) Mål 4: Utvikle rollen som nasjonalt fagmiljø på kirkebygg og gravplassforvaltning

Mål 5: Videreutvikle KA som attraktiv arbeidsplass

Hvilke av hovedmålene er viktigst for dere?

Hvilke av hovedmålene er viktigst for dere?

	Minst viktig	Middels viktig	Viktig
Mål 1: Mer robuste rammebetingelser	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Mål 2: Et rekrutterende og organisert arbeidsliv	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Mål 3: Skreddersydd rådgivning og lærende nettverk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Mål 4: Utvikle rollen som nasjonalt fagmiljø på kirkebygg og gravplassforvaltning	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Mål 5: Videreutvikle KA som attraktiv arbeidsplass	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

5. Mål 1: Mer robuste rammebetingelser (Ranger hvert strategiske grep ut fra hvor viktig dere mener det er):

Mål 1: Mer robuste rammebetingelser (Ranger hvert strategiske grep ut fra hvor viktig dere mener det er):

	Viktig	Middels viktig	Mindre viktig
Strategisk grep 1A: «Bidra til fornyet legitimitet for medlemmenes oppdrag»	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Strategisk grep 1B: «Øke sektorens politiske gjennomslag»	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Strategisk grep 1C: «Være premissleverandør på finansiering av trossamfunn»	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

6. Mål 2: Et rekrutterende og organisert arbeidsliv

Mål 2: Et rekrutterende og organisert arbeidsliv (Ranger hvert strategiske grep ut fra hvor viktig dere mener det er):

	Viktig	Middels viktig	Mindre viktig
Strategisk grep 2A: «Videreutvikle et tariffavtaleverk som understøtter sektorens oppdrag, kompetansebehov og rammebetingelser»	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Strategisk grep 2B: «Gi arbeidsgiverstøtte og lederveiledning»	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Har dere andre innspill til strategiske grep for å nå dette målet? - NEI

7. Mål 3: Skreddersydd rådgivning og lærende nettverk

Mål 3: Skreddersydd rådgivning og lærende nettverk (Ranger hvert strategiske grep ut fra hvor viktig dere mener det er):

	Viktig	Middels viktig	Mindre viktig
Strategisk grep 3A: «Levere innsikt og analyser»	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Strategisk grep 3B: «Bygge kompetanse»	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Strategisk grep 3C: «Jobbe på lag med ny teknologi»	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Har dere andre innspill til strategiske grep for å nå dette målet? – NEI

8. Mål 4: Utvikle rollen som nasjonalt fagmiljø på kirkebygg og gravplassforvaltning

Mål 4: Utvikle rollen som nasjonalt fagmiljø på kirkebygg og gravplassforvaltning (Ranger hvert strategiske grep ut fra hvor viktig dere mener det er):

	Viktig	Middels viktig	Mindre viktig
Strategisk grep 4A: «Et oppdatert kunnskapsgrunnlag»	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Strategisk grep 4B: «Aktiv deltakelse som samarbeidspart i Kirkebevaringsprogrammet»	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Strategisk grep 4C: «Forsterket fagstøtte til kirkeiere og gravplassmyndigheter»	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Har dere andre innspill til strategiske grep for å nå dette målet? – NEI

9. Mål 5: Videreutvikle KA som attraktiv arbeidsplass

Mål 5: Videreutvikle KA som attraktiv arbeidsplass (Ranger hvert strategiske grep ut fra hvor viktig dere mener det er):

	Viktig	Middels viktig	Mindre viktig
Strategisk grep 5A: «Skape en arbeidsplass der de beste vil jobbe»	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Strategisk grep 5B: «Jobbe smartere»	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Har dere andre innspill til strategiske grep for å nå dette målet?

10. Har dere andre innspill eller kommentarer? - NEI